



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	06.03.2024
Møtetid:	09:00 - -12:00
Møtestad:	Sanitetshuset, Litlås, Sanitetshuset, Litlås

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland	medlem	SP	
Dyrkolbotn			
Hege Ramsland	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Morten Sognnes	ORD	H

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	Morten Sognnes	INP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 13/2024	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 14/2024	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 01.02.2024	
PS 15/2024	Referat og meldingar	
RS 5/2024	Årsbrev fra Husbanken	
PS 16/2024	Delegerte vedtak 26.01.24 - 27.02.24	
OS 3/2024	Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 6.3.2024	
OS 4/2024	Orienteringar frå ordførar til FS 6.3.2024	
PS 17/2024	Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003	
PS 18/2024	Klage på dispensasjon til bruksendring til bustad på gbnr. 160/56- Lamholmen	
PS 19/2024	Planprogrammet til Austrheim kommune sin samfunnsdel - Offentleg ettersyn	

PS 13/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 13/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

I dette møtet hadde ordførar Morten Sognnes (H) forfall.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) fungerte som ordførar.

Lerøy hadde framlegg om at Hege Ramsland (H) skulle veljast til varaordførar for dette møtet.

Handsaming i formannskapet:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Hege Ramsland vart samrøystes valt til varaordførar for dette møtet.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 13/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Hege Ramsland vert valt til varaordførar for dette møtet.

PS 14/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 01.02.2024

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå møtet 1. februar 2024 vert godkjent.

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 14/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 01.02.2024:

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 14/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i formannskapet 01.02.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå møtet 1. februar 2024 vert godkjent.

PS 15/2024 Referat og meldingar

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 15/2024 Referat og meldingar:

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 15/2024 Referat og meldingar:

Referat og meldingar vart teke til vitande.

RS 5/2024 Årsbrev fra Husbanken

PS 16/2024 Delegerede vedtak 26.01.24 - 27.02.24

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerede vedtaka til vitande.

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 16/2024 Delegerede vedtak 26.01.24 - 27.02.24:

Kommunalsjef for samfunnsutvikling, Bjarte Rosenlund, orienterte om dei delegerede sakene.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 16/2024 Delegerede vedtak 26.01.24 - 27.02.24:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tar dei delegerede vedtaka til vitande.

OS 3/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 6.3.2024

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 3/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 6.3.2024:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund gjekk gjennom status for prosjekt.

- Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om veglys til Hopland, om det er gjort avtale med Eviny/BKK om prosjektering av veglysa. Her svarta Bjarte Rosenlund at BKK no endrar korleis dei organiserer drift av veglys, det gjer at kommunen ikkje har fått dei svarta som er etterlyste.

Status vertskommunesamarbeid med Fedje, for helsesjukepleiar

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at Fedje no lyser ut ei eiga stilling som helsesjukepleiar, men har sagt at dersom det ikkje blir tilsett ei person så vil dei ha avtale med Austrheim kommune. Austrheim kommune har på si side sagt opp avtalen med Fedje, ein avtale som har ei oppseiingstid på 3 månader. Ser at ein må rigga tenesta for drift utan samarbeid med Fedje kommune, det kan gå lang tid før ei avklaring frå Fedje her, og Austrheim må ha dette klart tidlegare enn det.
- Per Lerøy (Ap) sa at dersom Fedje ikkje skal kjøpa denne tenesta, så bør Austrheim styrka eigne tenester med den ressursen som vert frigjort, såframt kommunen har økonomiske ressursar til det.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det er ein krevjande situasjon, Austrheim kommune kan ikkje stå klar dersom Fedje ikkje klarer å sikra seg eigen helsesjukepleiar. Det må vera føreseieleg for våre eigne tilsette. Det vart diskutert noko kring oppseiingstid for avtalen med Fedje, som her er tre månader, kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug klargjorde at det er kortare enn for andre kommunale avtalar.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det kjem ei sak om arbeidssenteret til neste møte, det vert jobba med oppfølging av verbalpunktet frå kommunestyret sitt vedtak i budsjettmøtet 14. desember 2023.

Strukturendringar i organisasjonen

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det vert annonsert strukturendringar i organisasjonen i neste veke, denne saka vil gå til Arbeidsmiljøutvalet 4. april og Administrasjonsutvalet 25. april, før den så går vidare til orientering i kommunestyret.

Kommuneros.

- Administrasjonen orienterte om at det vert jobba med den overordna risikovurderinga. Per Lerøy (Ap) spurte om kva varsel som gjekk til kommunen i samband med ei hending på Equinor Mongstad i februar, det vart avklara at kommunen ikkje fekk varsel direkte, men via tilsette som har bustadadresse i nærleiken av anlegget og frå tilsette på anlegget. Dette må det jobbast vidare med.

Workshop i Kilstraumen 14. mars

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at så langt for innbyggjarundersøkinga har det komme inn 458 svar i alle aldersgrupper, kommunaldirektøren vil orientera meir om dette under samlinga i Kilstraumen 14. mars.

Motorcrossbana

- Administrasjonen og folkevalde har hatt møte med Austrheim motorsport club om motorcrossbana, på bakgrunn av at klubben har planar om å endra på anlegget. Det er diskutert kva situasjon som er kring løyvestatusen for dette anlegget, om det er gitt endeleg løyve eller dispensasjon. Administrasjonen skal undersøka vidare kva løyve som er gitt, om det er gitt mellombels dispensasjon og frå når, eller om det er permanent løyve.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at klubben rekrutterer frå eit større område, men det er viktig å sjå dette tilbodet over kommunegrensene. Klubben ønskjer å rusta opp anlegget, og vil tilpassa seg idrettslaget for å unngå kollisjonar med arrangement som dei måtte ha. Må sjå på om det skal gis fast heller enn mellombels løyve.
- Bjørn-Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det er bra at tilbodet finst, men om det er mogleg å leggja det til ein stad der det ikkje gjev lydsjenanse, så må det vera bra. Per Lerøy (Ap) svara at sa at det er sett på eit areal andre stader (Dyrneset), der det vil vera mindre sjenanse. Er vatn og straum tilgjengeleg der.
- Per Lerøy (Ap) sa at det er positivt om tilbodet trekkjer ungdommar frå andre kommunar, kan knyta dei til kommunen og kanskje kan det styrka AVS.

Støtte til bokprosjekt

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til spørsmål frå Peter Emil Kaland om 100.000 kroner i støtte til bokprosjekt, det vart diskutert at dette er eit bra prosjekt, men at det må vurderast opp mot andre prosjekt. Fjellhaug viste til at det ikkje er så mykje midlar avsett til kultur, så tar ein dette er det lite midlar att. Prosjektet har fått 99.000 får UIB, og har søkt Unesco om 75.000, kva sum ein skal gje frå Austrheim må diskuterast.
- Per Lerøy etterlyste sak frå administrasjonen om støtte til dette bokprosjektet, ev. om å dela løyvinga over to år, gjerne med ønske om å få ta del i bokprosjektet i form av formidling og klassesett. Er i utgangspunktet positiv, må sjå på korleis ein kan leggja inn dette i budsjettet.
- Hege Ramsland (H) sa at det bør sendast formelt brev til sogelaget om å delta i eit spleiselag for dette prosjektet.

Grensejusteringar på Mongstad

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om at det er eit arbeid på gang med Alver kommune og Statens Kartverk om grensejusteringar på Mongstad. Austrheim kommune er i dialog med Alver kommune om klarlegging av situasjonen der. Odd Harald Dommersnes sa at det gjeld arealet som var sjø, og som er fylt ut.

Kulturprisen

- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at utdeling av kulturprisen no er lagt til levekårsutvalet. Dette må justerast i retningslinjene og det skal lysast ut etter aktuelle

kandidatar til kven som kan få prisen. Vanlegvis vert prisen delt ut på hausten, men i høve konsert fredag den 3. mai i Austrheimhallen, i samband med at kulturskulen i Austrheim har 40-års jubileum.

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om økonomi

- MVA-kompensasjon for Nordlihøgda, revisor vil ikkje godta dette før det er sagt kven som skal inn i bustadene, men kommunen lener seg på ei avgjerd i Gulating lagmannsrett frå ei tilsvarende sak i Sandnes kommune, og har bedt Skatteetaten stadfesta at dei godtek denne. Om det ikkje vert godkjent så vil det bety millionbeløp for kommunen.
- Per Lerøy (Ap) spurte om det rett å bruka dette selskapet for revisjon og vera eigar der, om dei er strengare enn andre. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at ein må sjå på kva kostnader det er til revisjon frå dette selskapet. Må sjå på kva forpliktingar som ligg, men om ein kan spare ein halv million i kostnader så kan ein dekkja det det måtte kosta å gå ut av selskapet.
- Odd Harald Dommersnes sa at det er kostnader med å gå ut av selskapet.
- Odd Harald Dommersnes orienterte om rekneskapsstatus. Det vart notert at midlar sett av til formidling av fiskarbonden (67 500) kan nyttast til bokprosjektet til Peter Emil Kaland.
- Per Lerøy (Ap) ba om at midlar på fond til trafikkisikker kommune skal nyttast til konkrete tiltak, gjerne Nordlibrekka.

Undersøking om interesse for bustader med livsløpsstandard

- Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om at det har komme inn 42 svar, 21 på papir og 21 på nett
- Det er overveldande interesse for å kjøpa i Sætremarka, og ikkje på Kaland.
- Interesse for å både kjøpa sjølv, burettslag, og litt interesse for å leiga.
- Det blir sendt ut brev til alle som har svara om at dette er registrert.
- Oversikta vil gå vidare til Levekårsutvalet, med innspel om at det vert laga sak på dette.
- Per Lerøy (Ap) sa at det kan bli plass til 8-12 leilegheiter i Sætremarka, må sjå om det kan byggast to- eller firemannsbustader.
- Per Lerøy (Ap) sa at administrasjonen må sjå på sal av den kommunale tomta på Kaland, kommunalsjef Bjarte Rosenlund sa at ein vil komma tilbake med ei sak på dette.
- Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det elles er selt ei anna tomt på Kaland, som det kjem leilegheiter på etter kvart.

Handsaming i formannskapet:

Formannskapet tok orienteringane til vitande.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 3/2024 Orienteringar frå kommunedirektøren - FS 6.3.2024:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Formannskapet tek orienteringane til vitende.

OS 4/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 6.3.2024

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 4/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 6.3.2024:

Denne orienteringssaka handla om eit eventuelt samarbeid med, og aksjekjøp i, Norsk Kjernekraft AS.

Ordførar Morten Sognnes (H) hadde forfall denne dagen i samband med kongeleg besøk på Mongstad, og sidan det er han som hatt kontakten med selskapet var det semje om at saka måtte utsettast til eit seinare møte.

Det vart elles vist til at organisasjonen Norske kjernekraftkommunar vart etablert med seks medlemmer i november 2023, og formannskapet var meir interesserte i å gå med der, enn å teikna aksjonæravtale med Norsk Kjernekraft. I tillegg var det semje om at kommunestyret må involverast i dette spørsmålet.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte utsettingsframlegget.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for utsettingsframlegget.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 4/2024 Orienteringar frå ordførar til FS 6.3.2024:

Saka vert utsett

PS 17/2024 Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskaper godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003. Endringa i føresegn § 3.1 vert:

§ 3.1 Hyttetomt G4 får maksimum mønehøgde + 30,0 moh.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12 og § 12-14.

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 17/2024 Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 17/2024 Godkjenning av mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskaper godkjenner ei mindre vesentleg reguleringsendring av detaljreguleringsplan for hyttefelt H06-Bergsvik - PlanID 12642006003. Endringa i føresegn § 3.1 vert:

§ 3.1 Hyttetomt G4 får maksimum mønehøgde + 30,0 moh.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-12 og § 12-14.

PS 18/2024 Klage på dispensasjon til bruksendring til bustad på gbnr. 160/56- Lamholmen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek ikkje klagen til Gunnar og Irene Grønningseter til følge. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 18/2024 Klage på dispensasjon til bruksendring til bustad på gbnr. 160/56- Lamholmen:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak, der formannskapet utifrå saksutgreiinga ville ta vekk punktet med at saka skal sendast vidare til Statsforvaltaren.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med endring som skissert under punktet for behandling.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 18/2024 Klage på dispensasjon til bruksendring til bustad på gbnr. 160/56- Lamholmen:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek ikkje klagen til Gunnar og Irene Grønningseter til følge. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i forvaltingslova § 33.

PS 19/2024 Planprogrammet til Austrheim kommune sin samfunnsdel - Offentleg ettersyn

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram til Austrheim kommune sin samfunnsdel vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 .

Handsaming i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 19/2024 Planprogrammet til Austrheim kommune sin samfunnsdel - Offentleg ettersyn:

Kommunalsjef Bjarthe Rosenlund og kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.4

Fungerande ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i Formannskapet - 06.03.2024 av sak 19/2024 Planprogrammet til Austrheim kommune sin samfunnsdel - Offentleg ettersyn:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til planprogram til Austrheim kommune sin samfunnsdel vert sendt ut på offentlig ettersyn. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan og bygningslova §§ 11-12 og 11-13 .

